



# HAREID ROTARY KLUBB

Distrikt 2280  
Klubbnr. 12713

Månedsbrev for januar 2009. Årgang 44



---

Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00  
Møtestad: Klubbhuset til Hareid  
IL, 6060 Hareid.  
President: Johan Ole Brandal  
Visepres: Oddvar Haugen  
Sekretær: Trygve Riise  
Kasserar: Johs. J. Hareide  
Past pres: Åge Nytun  
Styremedlem: Magnar Hatløy  
Styremedlem: Vigdis Riise  
Ansv.red.: Jostein Strand  
Referent: Jostein Strand

## Fødselsdagar i januar.

Svein Egil Kleppe	05. januar
Hans Giske Holstad	07. januar
Vigdis Riise	14. januar
Anders Riise	25. januar

Frammøteprosent i januar: 69,9 %

---

---

*Nu falder Sneen i tætte Lag,  
Og Drengen har ingen Hvile.  
Det blev nok en Hoben Mile,  
Hvad han kan løbe den hele Dag.*

*Her slæber han Gaarden af Sne-Blokke fuld,  
Og former Soldater drøie;  
Det volder ham Slid og Møie.  
Han giver Soldaterne Øine af Kul.*

*Saa ruller han Sneen med al sin Kraft,  
Mens Kæmperne staa der og kneise;  
Han vil dem et Brystværn reise.  
Til Landse han gi'r dem et Kasteskaft*

*Og nu er han færdig, og nu er han mat;  
Hans Hænder er frosne og ømme.  
For alle de stærke Drømme  
Faar Drengen vist en urolig Nat.*

*Man hører ham juble, den lille Mand:  
"Imorgen skal Slaget stande!"  
Da løse sig Himlens Vande,  
Og alle hans Kæmper blive til Vand.*

*Johan Sebastian Welhaven*

---

## Mandag 5. januar 2009

I presidenten sitt fråver var det Åge Nytnun som leia møtet og ønskte velkomen.

Otto Holstad, leiar i programkomitéen, orienterte om programmet dei neste 2 månadene.

Kveldens foredragshaldar var

### **Arve Eiken Nytnun – Arkeologi og fornminne.**

Arve studerer arkeologi og historie ved NTNU, og skal etter planen vere ferdig bachelor i begge faga våren 2009. Han har lenge vore interessert i lokalhistorie og –arkeologi, og har blitt litt provosert over at det blir sett på som eit ”problem” at vi skal/må ta vare på kulturminna. Han ønskjer difor å finne ut korleis vi kan bruke kultur- og fornminna til det beste for lokalsamfunnet.

**Arkeologi** er ”læra om det gamle”, og Kulturminnelova er den overordna lova.

**Kulturminne** er alle spor etter menneskeleg verksemd i vårt fysiske miljø, samt lokalitetar det knyter seg historiske hendingar, tru eller tradisjon til. Dette skal vi etter lova ta vare på ”ei rimeleg mengde” av.

Slaget ved Hjørungavåg er i den samanheng viktig, og har eit stort potensiale for vårt lokalsamfunn. Det er rekna for å vere eit av dei viktigaste slaga for nasjonen Norge.

**Fornminne** er automatisk freda kulturminne. Det gjeld alle spor frå før mellomalderen, og for samiske og maritime kulturminne (t.d. Rundeskatten) som er eldre enn 100 år. Desse er statens eigedom og skal oppbevarast på næraste museum.

Det er ulike **dateringsmetoder** for fornminne:

- 14C-datering (datering av organsik materiale vha. karbon)
- Dendrokronologi (årringetelling)
- Termoluminesens (vha mineralkrystallar som er brende)

Typologi

**Arkeologiske funn** innanfor dei ulike periodene:

- Steinalder: reiskap (funn under brear som har trekt seg tilbake)
  - Bronsealder: Gravgåver i gravhaugar, helleristingar
  - Jernalder: Rikare gravgods (også i båtgraver), jarnvinneanlegg, fangstgroper, runer, bautasteinar
- Mellomalder: Kristendomen (graver på kyrkjegard gjorde slutt på gravgods). Skrivekunst.

Det er viktig med god **skjøtsel** av fornminna, m.a. skal innegjerding ha min. 5 m avstand frå minnet. Dei skal også ha godt vedlikehald. God skilting kan hindre konflikter og øydelegging. Staten betaler no ein større del av utgravingar, og det er lettare å få støtte til skjøtsel.

Døme på **fornminne på Hareid**:

Bautasteinar (Pilskog, Hovlida, kyrkjegarden, Gjerde)

Gravhaugar (fleire på Overåneset, Liavågen, Brandal, Bjåstad, Korshamna)

Buplassar

Desse fornminna kan bruksast av reiselivsnæringa, innanfor undervisning og som kulturtilbod. Nettportalen Askeladden skal etterkvart vise funn over heile landet og blir tilgjengelig for alle.

Takk til Arve Nytnun for eit svært interessant foredrag!

## Mandag 12. januar 2009

Møtet opna med allsong: De nære ting...

Presidenten hadde følgjande info:

- hugs å levere forslag til nye medlemmer (og kanskje på nokon som kan spele piano?).
- referat frå Sri Lanka-prosjektet, der den lokale klubben må betale tilbake USD 1.220 fordi dei ikkje hadde tatt med kostnader til el.installasjon i søknaden og dermed ikkje får dekt dette.
- 4 personar kan vere med på GSE-utsending til USA i mai og vi kan kome med forslag på personar mellom 25 og 40 år som ikkje er medlem av eller i slekt med medlemmer av Rotary.

Bodø Rotaryklubb er engasjert i eit Russlandprosjekt og ber om støtte til dette.

Så til programmet for kvelden:

### **Hans Gisle Holstad om Hareid Fastlandssamband**

Olav Fure gikk tidleg på 80-talet i bresjen for undersjøisk tunnel mellom Hareid og Sula, og Hareid fastlandssamband (HFS) vart stifta i 1986. Fure var leiar i HF fram til 2005, då tok Linda Haddal Røssevold over, og fra 2008 er Hans Gisle Holstad leiar.

Alle kommunene på søre Sunnmøre samt Sula, Ålesund, Giske, Haram, Ørskog, Selje og Vågsøy, og Sparebanken Møre er aksjonærar.

HFS var aktiv i mange år, men så vart arbeidet lagt i dvale i mange år for ikkje å "forstyrre" arbeidet med Eiksundsambandet. HFS er no i aktiv gjenge igjen, men den opprinnelege traséen over Sula er no sagt å vere uaktuell fordi det på Sulasida er gjort endringar i infrastrukturen. Ein ny trasé kan vere aktuell lenger sør, mellom Liavågen og Sula, eventuell med påknytning av tunnel frå Vartdal. Det er no arbeid i gang for å avklare djupnene i Sulafjorden for å sjå kvar ein tunnel kan gå. Rørtunnel blir vurdert, men sjø- og vindforholda er ugunstige for pionerprosjektet. Ein aktuell trasé for dette kan vere Langneset-Nøringset, tunnelen vil ligge 70-90 m under havflata.

Det blir sagt at det no er avgjerande å sjå dette sambandet i samanheng med **Kyststamvegen**, Kvivsvegen, som er vedtatt å gå over Vartdal. (Medan **Kystvegen** går over ytre Nordfjord og Åheim.) Ein rein Hareid-Sula-tunnel som del av Kyststamvegen som forlenging av Eiksundtunnelen er vanskeleg fordi Eiksundtunnelen berre har 1 løp medan kravet til undersjøiske tunnelar på kyststamvegen er 2 løp, og stigninga skal vere max 7%. Det må i tilfelle også søkjast om ny trasé for E39. Difor er kombinasjon med tunnel frå Vartdal aktuell.

Regjeringa har løyvt kr. 2 mill. for å undersøke ferjefri stamveg mellom Bergen og Trondheim, og fylket har nedsett 1 gruppe for Sunnmøre, 1 for Romsdal og 1 for Nordmøre. Det er viktig for HF å kome raskt i gang for å kome før Romsdal og Nordmøre. Trafikk-mengda er størst over Sunnmøre, og trafikken har vakse langt meir enn Olav Fure antok. Årsdøgntrafikk på ferjene er no vél 2.000. Det er rekna på at det er 50% meir miljøvenleg med tunnel enn med 3 ferjer.

Det er viktig at tunge næringslivsaktørar er med på å støtte HSF, dette vil gi tyngde til prosjektet. Det er også viktig å vurdere tunnelprosjektet i samband med tettstadplanen for Hareid som no er under utarbeiding.

## **Mandag 19. januar 2009. På Hjørungdal Gard, Ulset**

**v/ Per Gunnar Hjørungdal og sonen Martinus.**

Bakgrunn for satsing:

Det var blitt frigjort ein god del areal i bygda fordi mange av dei andre drivarane la ned.

Per Gunnar og sonen er begge veldig interesserte i landbruks-yrket. Tenkte først på satsing på heimgarden, men det enda med Ulset.

Graving på det nye anlegget starta før jul i 2007 og betongarbeidet starta i mars 2008. I flg. entreprenøren gjekk anleggsarbeidet "på skinner", - og prosjektet var ferdig og tatt i bruk 14. august 2008.

Opprinneleg kostnadsrame: 6,2 mill kroner, - men enda på 6,8 mill kroner.

Total investering inkl. maskinelt utstyr og melkevot ca. 10 mill. kroner.

Fjøsen hyser i dag ca 150 dyr,- av dette 73 mjølkekyr, i tillegg er det 180 okser på hovudbruket. Driftsgrunnlaget blir 400 tonn melk og 65 tonn stofekjøtt, på 900 mål dyrkamark ink. leigejorda.

Å vere bonde er ikkje noko latmannsliv.. Vi har jobba framunder 3000 timar pr.år!

Kyrne er "vanedyr". Ute i terrenget stiller dyra opp til mjølking etter rang,- dette systemet tok dyra med seg inn i nyefjøsen. Mjølking for hand er "over og ut". Det er kjøpt inn ein mjølke-robot til 1,3 mill. kroner. Denne var svært fascinerande å sjå i arbeid.

Valg av dyr er svært viktig. Kyrne blir melka i snitt 2,9 gongar i døgnet,- og produserer i snitt 9800 liter. Maskina vaskar spenane automatisk før mjølking. Mjølka blir analysert i roboten. Kyrne har brikkar på halsen som registrerer ei rekkje forhold, - m.a. drøvtygging.

Levetid for ei melkeku er i snitt ca 5 år.

Prisane til bonden ligg i dag på ca 4 kr.pr. liter mjølk. For kjøtt rundt 36-37 kr pr.kg.

Mjølke-roboten har høg driftssikkerheit,- det skal vere snakk om berre eit par utrykningar pr.år frå leverandøren. Dersom det skulle bli straumbrot i anlegget, koplpar eit aggregat seg inn automatisk og overtek straumforsyninga.

Mjølkerobot,- og foringsrobot som også er anskaffa,- har medført ein totalt forandra arbeidsdag for bonden,- til det betre,- sjølv om det blir satsa hardt på høg produksjon på anlegget..

Det finst berre eit fåtal liknande automatiserte anlegg på Søre Sunnmøre.

## **Mandag 26. januar 2009.**

**Programfritt møte.**

Opningssong: "Norge mitt Norge".

Presidenten ønskte velkomen,- og denne kvelden kunne han ønske utvekslingstudenten, Patrick Jenkinson, hjarteleg velkomen til Hareid Rotary Klubb.

Patrick kjem frå Newcastle, New South Wales, Australia,- og ankom Vigra flyplass laurdag 24.januar. Der vart han henta av ein "delegasjon" med Jan Håvard Nyttun i spissen. Han skal bo hos Jan Håvard og Oddgunn no til å begynne med.

Patrick hadde alt vore gjennom eit lynkurs i norsk og bar fram ei kort helsing til Hareid Rotary Klubb. Han overleverte så ein vimpel frå klubben han representerer i Australia til president Johan Ole.

Fristen for å skaffe kandidatar til nye medlemar i Hareid Rotary Klubb var gått ut, og det låg føre ei liste på 7 namn som presidenten refererte:

Etter desse innleiande innslaga gjekk praten fritt rundt borda. Meny: kaffi og vafler.